

## 8 grader på lærar-rommet



Karen Pedersen Brede (7. klasse) fant det fornuftig å ha lua på

Etter ei stormfull natt til i dag var den eldste delen av skulen skikkeleg nedkjølt og det vart ein noko uvanleg dag for både lærarar og elevar. Lærarane opplevde at det var berre 8 grader på arbeidsrommet då dei kom og elevane som held til i den same fløyen øst i anlegget hadde det ikkje stort varmare. Det var 14-15 grader i fleire rom der.



Godt kledd var også Andrea Hjelmeland i 4. klasse

Biblioteket der det snart vart normal-temperatur med rundt 20 grader vart ein populær tilfluktsstad. Og i klasseromma fekk ingen påtale sjølv om dei var godt påkledde. Topplue var eit ikkje uvanleg inne-antrekk på skulen i dag. Alle var samde om at det no verkeleg er på høg tid med ei renovering av den eldste delen av skulen mellom anna med eit klima-anlegg som kan halda temperaturen oppe sjølv under ein nattleg storm.



Vaktmeister Per Hjelmeland finn ut at temperaturen har kome opp i 19 grader

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Biblioteket var ein tilfluktsstad, her for 7. klasse